

Biologisk mangfald  
Busthorn, gnr. 89, bnr. 4 m.fl.  
Bømlo kommune

Plan-ID:	201410
Plan namn:	Busthorn
Kommune:	Bømlo
Registreringsdato:	05.06.2015
Landskapsregion:	20 - Kystbygdene på vestlandet (Aurland naturverkstad)
Naturtype:	Fleire, sjå utgreiing under
Utforming:	Fleire, sjå utgreiing under
Verdi:	Vanlege naturtypar
Utvalgt naturtype:	Nei
Nøyaktighetsklasse:	-
Bioklima region:	Boreonemoral
Høgdelag:	Ca. +25 til +63
Tot. areal:	Ca. 290 daa
Status:	Stort sett urørt naturområde

### Områdebeskriving

Vestre del av planområde er dominert av kystlynghei, Vegetasjonstype A3, variasjon D – røsslyng utforming. Området er solrikt og grunnlendt med mykje berg i dagen (ca. 40%). Tresjikt er svært glissent med enkeltinnslag av bjørk *Betula pubescens*, gran *Picea abies*, furu *Pinus sylvestris* og noko raun *Sorbus aucuparia*. I busksjikt finn ein spreidd førekomst av treslaga samt einer *Juniperus communis*. Feltsjiktet har størst førekomst av røsslyng og graminider (gras og einfrøblada planter), og i botn finn ein eit rikt mangfald av mose- og lavartar. Myr og vatn inngår som ein naturleg del av lyngheilandskapet i små forseinkingar. Dei fleste myrene er av liten storleik, i område finn ein også ei større myr. Myrene er artsfattige og tilhøyrer vegetasjonstype L3 *Intermediær mjukmattemyr/lausbunnmyr*. Myrtypen har et grissent feltsjikt kor starr og bukkeblad dominerer saman med eit velutvikla botnsjikt av ulike moseartar.

I midtre del av planområde er naturtypen av same slag som i vest (røsslyng-utforming), men med innslag av Vegetasjonstype J2 –Ombotrof tuemyr (nedbørmyr) i terrengsøkk. Myrområde som dette er alltid fattige på karplanter, og har ofte lite eller ingen vegetasjon i tre- og busksjikt. I tilfelle kor tre førekjem, så finn ein anten furu eller bjørk i oppheva terreng (tuer, koller o.l.). Nedre sjikt er velutvikla med ulike torvmoseartar, og torvmose utgjør nøkkelarten for vegetasjonstypen.

I lågterrenget aust i planområde finn ein Vegetasjonstype A3, variasjon E – Fuktutforming. Område her er dominert av fuktig/våt furuskog kor fuktighetskrevjande myrartar står sentralt. Vegetasjonstypen er knytt til sig/søkk i terrenget samt oversilte berg. Artane og jordtypen (våt råhumus, torv) gjer at det liknar ei skogkledd myr, men område har eit grunnare jordsmonn. Tresjikt er grissent og dominert av furu, bjørk og gran. I busksjikt finn ein spreidd førekomst av desse tre-artane samt einer. Feltsjikt er dominert av røsslyng og graminider. Nedre sjikt består av ulike moseartar, men botn er for det meste dekkja av artar i feltsjikt.

I austre del av planområde finn ein også att Vegetasjonstype J2 Ombotrof tuemyr, men her har myrområde langt fleire trær enn i midtre del av planområde (kan vere planta skog, men dette er usikkert). Område har mykje av det same artsmangfaldet -og liknande jordtype som vegetasjonstype A3 (våt råhumus, torv), men djupare jordsmonn og høgare grunnvasstand.

Høgare i terrenget aust i planområde finn ein Vegetasjonstype A3, variasjon C – Kyst-utforming. Naturtypen vert kjenneteikna som røsslyngdominert furuskog med oseaniske artar. Naturtypen har mange av dei same artane som ein fin vest i planområde, men har eit tettare og betre utvikla tresjikt med større dominans av furu. I tillegg fann ein i denne delen av planområde innslag av europalerk.

#### Artsfunn Vegetasjonstype A3:

Fylke	Stadnamn	Vegetasjons-sone	Norsk namn	Vit. namn	Gruppe	Kategori	Sjikt	Koordinatar
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Dunbjørk	Betula pubescens	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Gran	Picea abies	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Furu	Pinus sylvestris	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Raun	Sorbus aucuparia	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Lerk	Larix sp.	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Einer	Juniperus communis	Lignoser	LC	Busksjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Røsslyng	Calluna vulgaris	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Krekling	Empetrum nigrum	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Pors	Myrica gale	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Vier	Salix spp.	Lignoser	LC	Busksjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Skrubbær	Cornus suecica	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Bergknapp	Sedum sp.	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Storblåfjær	Polygala vulgaris	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Mjuk kråkefot	Lycopodium clavatum	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Engsyre	Rumex acetosa	Karplanter	LC	Feltsjikt	

Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Tepperot	Potentilla erecta	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Sisselrot	Polypodium vulgare	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Skogstjerne	Trientalis europaea	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Gressarter	Poa spp.	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	blåbær	Vaccinum myrtillus	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	tyttebær	Vaccinum vitis-idaea	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Bergsigd	Dicranum fuscenscens	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Ribbesigd	Dicranum scoparium	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Etasjemose	Hylocomium splendens	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Kystjamnemoser	Plagiothecum undulatum	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Furumose	Pleurozium screberi	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Storbjørnemoser (vanleg bjørnemoser)	Polytrichum commune	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Furutorvmose	Spagnum capillifolium	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Islandslav	Cetraria islandica	Lav	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Lys reinlav	Cladonia arbuscula	Lav	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Grå reinlav	Cladonia rangiferina	Lav	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Papirlav	Platismatica glauca	Lav	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Kartlav	Rhizocarpon geographicum	Lav	LC	Bunnsjikt	

## Vegetasjonstype J2 Ombotrof tuemyr

Fylke	Stadnamn	Vegetasjons- sone	Norsk namn	Vit. namn	Gruppe	Kategori	Sjikt	Koordinatar
rdaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Dunbjørk	Betula pubescens	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Gran	Picea abies	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Furu	Pinus sylvestris	Lignoser	LC	Tresjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Einer	Juniperus communis	Lignoser	LC	Busksjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Røsslyng	Calluna vulgaris	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Krekling	Empetrum nigrum	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	blåbær	Vaccinum myrtillus	Lignoser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Torvull	Eriophorum vaginatum	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Storblåfjær	Polygala vulgaris	Karplanter	LC	Feltsjikt	

Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Gressarter	Poa spp.	Karplanter	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Ribbesigd	Dicranum scoparium	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Etasjemose	Hylocomium splendens	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Torvmose	Spagnum spp.	Moser	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Islandslav	Cetraria islandica	Lav	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Lys reinlav	Cladonia arbuscula	Lav	LC	Bunnsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boeronemoral	Grå reinlav	Cladonia rangiferina	Lav	LC	Bunnsjikt	

## Vegetasjonstype L3 Intermediær mykmattemyr/løsbunnmyr

Fylke	Stadnamn	Vegetasjons- sone	Norsk namn	Vit. namn	Gruppe	Kategori	Sjikt	Koordinatar
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Bukkeblad	Menyanthes trifoliata		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Rome	Narthecium ossifragum		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Trådstarr	Carex lasocarpa		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Flaskestarr	Carex rostrata		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Slåtestarr	Carex nigra		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Duskull	Eriphorum angustifolium		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Starr	Carex spp.		LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Torvmosearter	Sphagnum spp.	Moser	LC	Feltsjikt	
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	Boreonemoral	Gress	Poa spp.	Planter	LC	Feltsjikt	

## Andre observasjonar under feltarbeid:

## Fugleartar

Fylke	Stadnamn	Vegetasjonstype	Norsk namn	Vit. namn	Gruppe	Kategori	Tal reg. individ	Kommentar
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	A3, variasjon D - røsslyng utforming	Fiskemåkar	<i>Larus canus</i>	Fugl	NT	Ca. 10-20 par	Hekker i område
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	A3, variasjon D - røsslyng utforming	Linerler	<i>Motacilla alba</i>	Fugl	LC	Ca. 8 stk.	Fløy over område
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	L3 Intermediær	Tjeld	<i>Haematopus</i>	Fugl	LC	1 stk.	Midt i myrområde ved

		mjukmattemyr/ lausbotnmyr		<i>ostralegus</i>				vatn
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	L3 Intermediær mjukmattemyr/ lausbotnmyr	Stokkand	<i>Anas platyrhychos</i>	Fugl	LC	1 stk.	I myrvatn
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	A3, variasjon C - Kyst-utforming	Svarttrost	<i>Turdus merula</i>	Fugl	LC	1 stk.	I eit tre

## Sopp

Fylke	Stadnamn	Vegetasjonstype	Norsk namn	Vit. namn	Gruppe	Kategori	Tal reg. individ	Kommentar
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	-	Sumpklubbe- morkel	<i>Mitrula paludosa (Helotiaceae)</i>	Sopp	LC	-	

## Insekt

Fylke	Stadnamn	Vegetasjonstype	Norsk namn	Vit. namn	Gruppe	Kategori	Tal reg. individ	Kommentar
Hordaland	Busthorn, Bømlo kommune	L3 Intermediær mjukmattemyr/ lausbotnmyr	Gulvinga haustlibelle	<i>Sympetrum flaveolum</i>	Insekt	LC	1 stk.	Hokjønn

**Kategoriar:** Raudelista: RE – Regionalt utdødd, CR – Kritisk trua, EN – Sterkt truer, VU – Sårbar, NT – Nær trua, DD – Manglande data, LC – Økologisk tilfredsstillande, NE – Ikkje vurdert, NA – Ikkje egna. Svartelista: LO- Låg risiko, HI- Høg risiko, SE-Svært høg risiko.

**Oppsummering**

Det er ingen registrerte verneverdige naturområde eller prioriterte naturtyper i område. Det er heller ikkje gjort funn av framande artar som kan reknast som ein trussel mot norsk biologisk mangfald (ihht. Norsk svarteliste) eller sårbare/ truga artar (ihht. Norsk rødliste), med unntak av fiskemåke. Vest i planområde er det registrert hekkande fiskemåkar, og denne arten står oppført i Norsk Rødliste som ein *nær truga* art. Potensielle konsekvensar for desse artane skal vurderast i samband med planomtalen. Planen omfattar også dammar, bekkar og tjern som potensielt kan utgjere viktige brikkar i små og store økosystem. Dersom tiltak råker desse vassdraga kan det difor også gje konsekvensar for plante- og dyrelivet kring. Planområdet omfattar ingen større vassdrag. Sentralt i planområdet finn ein to større myrområde med intermediær (middels næringsrik) mjukmattemyr/lausbotnmyr. Myrene er relativt artsfattige, og ingen spesielle artsfunn vart funne i tilknytning til desse.

*Konklusjon:*

Vegetasjonstypene som er funne i planområde er vanleg å finne på Bømlo, og fleire stadar langs kysten av Noreg. Med unntak av fiskemåke er det heller ikkje registrert viktige/sårbare dyre- og fugleartar som krev vidare utgreiing. Inngrep og utbygging i naturområde vil alltid verke negativt inn på natur og artar, men utover fiskemåkar ser ein ingen store konflikter som kan koma i konflikt med planen.